

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

Konsert på Tusenårsstaden – ein hyllest til Steinar Ebbesvik

Torsdag 10. juni kl. 18.00
Kor, korps, tidlegare og noverande
elevar frå Austrheim kulturskule.


Konferansier: Bjørnar Fjellhaug
(konst. rådmann).

Lyd: Terzz Lyd
v/Trond Einar Sørensen

Konserten er gratis.
Utekonsert ved Tusenårsstaden på
oppsida av Austrheim kommunehus.
Gangveg frå sørsida, og frå nordsida
av kommunehuset.



UTEGUDSTENESTE Kristi himmelfartsdag



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (for fredag kl. 14)
Bodil Monslau 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på annonsering
heimeside, facebook og
plakat for mulige endringar.
Send sms til 906 95 377 om du
ønsker sms-varsel om
gudstenester.

25.juni kl. 18.00
Gudsteneste for alle

27.juni kl. 11.00
Gudsteneste ved Rune Minde

11.juli kl. 19.00
**Gudsteneste
ved prost Helge Taranrød**

01.aug kl. 11.00
**Gudsteneste
ved Tone Marit Ø. Dyrkolbotn**

15.aug kl. 16.00
Utegudsteneste i Årvikane

Nikodemus kro

Sommaren står for døra. Eg hugsar uttrykket "Nikodemus kro" var mykje brukt på leirar og festivalar i mi glanstid som leir- og festival-deltakar. Det gjekk lang tid før eg skjønna bakgrunnen for dette litt spesielle namnet. Den finn vi i historia om farisearen Nikodemus i Joh. Kap. 3: "Det var ein mann som heitte Nikodemus; han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta....."(v.1-2)

Det er ingen verdsmeister me møter der. Feiging er vel mykje meir passende karakteristikk. Nikodemus kom snikande til Jesus om natta. Ein viktig person om dagen. Han tilhørde farisearpartiet, ei gruppe som la stor vekt på ytre levesett og lovtrudom, især når det galdt å betala tiende. Om dagen, altså, ein idealist, om natta, ein tvilar og snikande slange. På mange måtar Jesu rake motsetning.

Jesus skulle ha avvist han..... Men kanskje me skal vera glad for at Jesus ikkje gjorde det. Eg trur me har lett for å ha nettopp ei dagside og ei nattside. Det som andre får sjå hjå oss, blankpussar me og passar på at det ikkje er riper i. Noko anna kan det vera med nattsida, alt det som bur inni oss, som ingen får sjå. Men det er dette Jesus Kristus har evne til å sjå. Då kan det vera godt å vita at han

ikkje avviste det feige nattmennesket Nikodemus. Nei, han tok seg tid til å drøfta dei djupe spørsmål i livet med han.

Det at denne samtalen hende på nattetid trur eg og gjev gjenkjenning på ein annan måte. Ofte er det når alle dagens gjeremål er over at tankane som bur litt lenger nede i oss får sleppa til. Då slappar kroppen litt meir av, og då kjem og det som ligg lagra djupare i oss lettare til overflata.



Me vil aldri få vita sikkert kvifor han kom om natta. Det viktige var at han våga å venda seg til Jesus Kristus, ærleg med sine spørsmål. Og det var nettopp nattmennesket Nikodemus som fyrste gong fekk høyra det ordet som seinare har vorte det aller mest sentrale ordet i heile Bibelen: "For så elska Gud verda, at han gav seg sjølv, så kvar den som trur på han, ikkje skal fortapast, men ha evig liv." (Joh.3,16) Endå i dag gjev Jesus rom for våre djupe spørsmål, også når me ikkje vågar å gje rom for dei i det opne dagsljuset.

Velkomen til fellesskap med andre livsgranskarar, til gudsteneste eller andre møtepunkt.

Rune Minde

Min salme

Olav Mongstad



Kan du skrive i Kyrkjebakken i mainnummeret om «Min salme», spurte Britt. Heilt OK sa eg. Etter ei tid meinte eg nok: «Hjelpe meg, kva er det eg har sagt ja til denne gongen?»

Då min generasjon gjekk på skulen, var kristendom eit fag og det å pugge salmevers var ei lekse. Læraren min i seks år, Jon Ervik, meinte tydelegvis at vi skulle kunne mange slike salmar. Eg må innrømme at eg alltid hadde problem med å pugga desse salmane. I forhold til historieleksa brukte eg uforholdsmessig med tid på salmeversa. Eg las og las, pugga og sleit, tilslutt sat dei fleste av dei. Mange gonger har eg likevel vore takknemleg for slitet som vart lagt ned. Det er litt tilfredsstillande å vere i situasjonar med song, der salmeboka kan gløttast ned på innimellom for å sjå kva vers som kjem no, for deretter å heva blikket. Eg må innrømme at eg ikkje syng. Det er av hensyn til dei som står rundt meg. Mi falske, skjerande stemme skal ikkje øydeleggje stunda tenkjer eg, og resiterer versa stille. Likevel når denne salmen vert sunge, hender det at eg forsiktig syng med, men aldri av full hals. Eg har alltid syntest at salmen er så vakker. Øverst på mi liste over favorittsalmar står nemleg Anders Vassbotn si salme: «Å leva, det er å elska.»

Å leva det er å elska

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå,
å leva det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd;
å leva, det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.

Eg hugs læraren sa at Anders Vassbotn skreiv den første teksten med ei siste verselinje: « å spegla ein himmel av.» Då versa skulle inn i salmeboka, meinte Anders Hovden som arbeidde med utgjevinga, at siste verset måtte skrivast om. Ein salme måtte ha med ord som Gud. Anders Hovden foreslo. «Å spegla Guds himmel av.» Vassbotn sitt svar var at det hadde han ingen ting mot, Grunnen gav han slik: «For meg finst det berre ein himmel, og det er Guds himmel. Slik blei det, ein vakker salme vart om mogleg, endå vakrare. For meg inneheld denne vesle salmen noko av det grunnleggjande i livet. Det er ikkje å undra at salmen blir mykje brukt i bryllaup. No når kommunar tilbyr borgarleg viing, har eg hos enkelte kommunar funne salmen blant dei som vert foreslått som opplesingstekst, riktignok då med den opprinnelege teksten, «speglar ein himmel av,» borgarleg og nøytralt skal det vere. Andre verset understrekar det viktige å ha sanninga som grunnleggjande i livet. Før han i tredje og siste verset seier at det viktige er å ikkje fare med urett og løgn, men å leva etter dei kristne grunnideala, som vert uttrykt med å spegla Guds himmel av. Dette er det enkle og lett forståelige med salmen.

Litt historikk om salmen.

Første utgåva av salmen stod i bladet Firda 14. juni 1893 under tittelen. «Aa liva.» Då hadde diktet seks vers. Seinare korta Vassbotn det sjølv ned til dagens tre vers. Salmen vert nytta både i bryllup og i gravferder og som vi ser, han vert og nytta i sin opprinnelege form i borgarlege bryllaup. Alt dette må bety at desse tre enkle versa gir noko grunnleggjande til folk. Bodskapet er enkelt og lettfatteleg for alle.

Salmediktaren Anders Vassbotn var og politiker. Han sat fleire år i Volda kommunestyre, han var ordførar i tre år frå 1910 til 1913. Deretter vart han stortingsmann for Venstre og sat på Stortinget heilt til 1930. Han var ein mykje brukt talar og sa to gonger nei til å bli minister på grunn av sviaktande helse. Han fortener ei stor takk for denne enkle, men innhaldsrike teksten som har blitt så populær.

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

«Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern»

God bok



Oppussing av
gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.
Legevakt **116117**

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl. 08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Års helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)

PRESENTASJON AV KONFIRMANTANE I AUSTRHEIMKYRKJA 29.AUGUST 2021



Marius Hovda Hansen



Andreas Følid Vågenes



Daniel Vårbakken



Oliver Klemmet Sætre



Andrea Lerøy



Dennis Frøvik



Christina Meling Leirvåg



Julian Risnes



Annicka Westerfors Sletten



Anders Gjerde Skoge



Johan Midtbø Steinsøy



Vegard Lohne Thorsen



Maria Bettina Thorpe



Zarah Annabelle Thorpe



Karoline Budal Soltveit



Aron Steinagard



Tobias Orellana Rolland



Caroline-Madelén Dyngeland Monslaup



Even Atle Syslak-Håland



Erlend Sætre



Ruben Pedersen Rebnord



Cathrina Karlsen



Frida Hjertås



Emma Sleire Hopland



Marte Sofie Furelid Solberg



Karoline Njåten Fagerbakke



Jonas Gullaksen Fønnes



Joakim Øksnes




Oda Flotve Vik



Are Sognnes



Aurora Øksnes Nordgard



Ida Fønnes



Sara Nordgulen Vårbakken



Sara Nordgulen Vårbakken

Konfirmasjonsgudstenestane vert direkteoverført på

www.austrheimkyrkja.no

Gravplassvedtektene igjen – nytt moment til høyring:

Gravplassmyndigheita hadde i nr 2/2021 av Kyrkjebakken ei høyring om nye gravplassvedtekter. Høyringa hadde samanheng med at vi har endra friperioden frå 25 til 20 år og den såkalla «slettefristen» frå 75 til 60 år. I tillegg til det foreslo vi å skjerma nokre delar av gravplassen for ny kistegravlegging og berre opna for urner. Vår grunngeving for dette har vore at det her er eit jordsmonn som gjer at nedbrytinga går seinare. Statsforvaltaren si tilbakemelding er at dette ikkje er eit tilstrekkeleg grunnlag for å nekta nye kistegraver. Grunnlaget for å nekta ny kistegravlegging er om gravene har eit alt for grunt jordsmonn eller alt for høg grunnvasstand.

Dette er ordlyden i den gamle versjonen av § 17 i vedtektene, som vi ikkje har fått godkjent:

§ 17 STENGING AV AREAL TIL KISTEGRVLEGGING

Med heimel i gravplassforskrifta § 5, vert følgjande delar av gravplassane stengt for kistegravlegging grunna sein nedbrytning:

Austrheim gravplass: Delar av felt 2: Rekke 1 – 4 og alle gravnr frå 1 – 40. Delar av felt 3: Rekke 1 -7 og alle gravnr frå 1 – 43. Leirvåg gravplass: Delar av felt 1: Alle gravene i rekke 5 – 12.

Kyrkjeverja vil likevel innanfor desse områda kunna nekta kistegravlegging for enkelte graver etter ei individuell vurdering. Det vil i så fall vera i tilfelle med for lita jorddjupne som grunngeving.

Uansett er nedbrytinga innanfor desse felta ei utfordring, uavhengig om det vert opna

eller lukka for nye kistegraver. For at desse områda som er nemnt ovanfor, skal stemma betre med nedbrytingstida, vert friperioden sett til 40 år. Dette er felt med eksisterande graver, der dei aller fleste gravene er over 40 år. Justering av friperioden på desse felta vil då berre få konsekvensar for gjenbruk i form av nye kistegraver på desse områda.

§ 17 i dei nye vedtektene vil då få følgjande ordlyd:

§ 17 UTVIDING AV FRIPERIODEN PÅ DELAR AV GRAVPLASSEN:

Med heimel i gravplassforskrifta § 5, får følgjande delar av gravplassen utvida fredingstida frå 20 til 40 år grunna seinare nedbrytingstid:

Austrheim gravplass: delar av felt 2: Rekke 1 – 4 og alle gravnr frå 1 – 40. Delar av felt 3: Rekke 1 -7 og alle gravnr frå 1 – 43. Leirvåg gravplass: Delar av felt 1: Alle gravene i rekke 5 – 12.

Enkeltgraver med for grunt jordsmonn kan likevel bli nekta gjenbruk i form av ny kistegrav.

Har du synspunkt på dette? Du kan senda inn dine kommentarar til kyrkjekontoret på epost: post.austrheim@kyrkja.no eller i vanleg post: Kyrkjekontoret, Austrheimsvegen 1262, 5943 Austrheim. Frist for tilbakemelding er 15.juni 2021.

Leif Arne Økland

kyrkjeverje



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvare - Bokhandel/Leikar
 Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Targehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BoschCarService.no

For everything your car needs.



Austrheim sokn

Gravlagd

30.04.2021
04.05.2021

Else Utkilen f. 1934
Karen Ystebø f. 1932 (Biset-)

Døypte

01.mai
Fillip Alexander Øksnes Gundersen

Takke annonser

Til Austrheim diakonienmnd:
Tusen takk
 for helsinga eg fekk til min 80 års dag.
 Med venleg helsing Åse Helland

Mange takk
 til diakonienmnda for oppmerksomheten på min 81 årsdag, og til Aud som kom med den.
 Helsing Kjell Isaksen

Mange takk
 til diakonienmnda for oppmerksomheten på min 81 årsdag, og til Aud som kom med den.
 Helsing Kjell Isaksen

Mange takk
 for blomsterhilsener og deltagelse ved vår kjære mor Karen Ystebø sin bortgang. Takker personalet ved Nordliheimen som sørger for at mor fikk en verdig avslutning
 Helge Torill



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



Knüter
 CATERING
 Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

Dei faste tiltaka er Kulturskulen, Austrheim ungdomsklubb, HavGlede, Friskus og open hall i skuleferiane.



Kulturskulen er eit tilbod til barn og unge. Ein kan velje mellom å delta på piano/keyboard, gitar, vera med i band (gitar, bass, vokal og slagverk) og barnekoret Tiriltunge.

UNGDOMMENS HUS

Hjarta av Austrheim kommune sitt ungdomsarbeid er i Ungdommens hus. Her finn du mange ulike rom som; esportrom, eigen mini kinosal for film og videospel, ein kafé kor ein kan henge med venner, snakke med vaksne og ta seg ein billig matbit. Ungdommens hus har airhockey og biljard, ute er det bordtennisbord. Ungdommens hus har eige mekkeverkstad for dei som ønskjer å mekke på mopedar.



AUSTRHEIM UNGDOMSKLUBB

Austrheim ungdomsklubb held til i Ungdommens hus held ope tysdag og torsdag frå 18.00-22.00. I tillegg vert det arrangert fredagsklubb eit par gonger i året.

Austrheim ungdomsklubb er ein kommunal klubb underlagt kulturkontoret. Klubben er eit frittstående organ og vert driven ut frå egne vedtekter og har ein klubleiar, Heidi Pedersen Sylta, som har overordna ansvar for klubben i lag med styret. Austrheim ungdomsklubb er ein open treffstad for ungdom i Austrheim kommune. Ungdomsklubben ønskjer å vera med på å utvikle venskap og trivsel hjå ungdomane i eit røyk- og rusfritt miljø. Klubben har som mål å gje unge eit variert og positivt fritidstilbod med klubbkveldar og gruppeaktivitetar. Ungdomsklubben er ein uformell møteplass.



Leiar for ungdomsklubben Heidi Pedersen Sylta held ope tysdagar. Torsdagar er det Anita Soltveit, ungdomskoordinatoren, som har ope Ungdommens hus og open hall.



Ungdomsklubben har mykje aktivitetsutstyr, og dei som ønskjer det kan måla, teikna, sy, ta bilde, laga ein film, mala på t-skjorter. Me har brettspel og spel til Nintendo Switch og Playstation. Når det er open hall om torsdagen, kan ungdomane spela fotball, volleyball, badminton, danse framfor dansespegelen, ta fram hoppemadrassen, leika gøymespel eller andre ting dei finn på.




Vi samarbeider med ungdomsklubbane i Alver og besøker gjerne dei, og har felles arrangement som dataparty, halloween party, trafikkløysfest og juleball. Dei kjem og på besøk til oss og spesielt kjekt synest dei det er å komme på kaien til oss å «leke» i hoppetårnet og springa i hinderløypa.

HavGlede

HavGlede er eit lågterskel tilbod med havsport aktivitetar. Austrheim kommune leiger Havsport-senteret på Mastrevik kai til aktivitet for barn og unge. I Havsporthuset har vi kajakkar, sup brett, kanoar, våtdrakter og redningsvestar til låns, alt heilt gratis. I tillegg ligg det ute eit hoppetårn med hinderløype og katapult, vasstrampoline, trøbbåt og runnerz/hamsterhjul.





Alt dette kan ungdommen bruka når dei er på ungdomsklubben, når det blir arrangert familiedagar og mjuk skulestart på kaien. Vi har drakter med tilbehør som passar born frå 3 år og opp til XXL. HavGlede er ikkje berre på Mastrevik kai, men og i Årvika. I år «flyttar vi inn» med HavGlede i Øksnes friluftsområdet med snorkelsafari. HavGlede er ulike aktivitetar i perioden mai-september, men i slutten av juli/ starten av august er det 11 dagar med HavGlede i eitt. Sjekk havglede.info for meir info om HavGlede 2021.



Open hall i skuleferiane

Open hall er eit tilbod i skuleferiane i Austrheim-hallen. Her kan ein aktivisera seg sjølv, både barn og unge, med hoppemadrass, bungeerun, fotball, volleyball, bordtennis og badminton. På kvelden når det berre er for ungdommane (kl. 20.00-22.00) skruv vi musikken opp. Nokre kveldar kan vi ta fram rulleskøyter eller bumperzene. Ein liten kafé er open når det er open hall. Her står ungdommane for maten og serveringa.



CREW – Frivillig arbeid

Ungdommane i Austrheim er flinke å hjelpa til ved arrangement. Utan dei så hadde vi aldri klart å gjennomføre HavGlede og open hall i den skala som vi gjer i dag. På dei arrangementa har vi alt frå 6 – 25 ungdomar i sving.



Friskus

Friskus er eit tilbod til dei som treng tilrettelagt aktivitet. Det vert laga ein halvårsplan for aktivitetar, som består av éin Friskus-klubb i Ungdommens hus og éin tur i månaden. Året vert avslutta med nissefest, og sommaren ønskjer vi velkommen med sommarfest.

På Friskus-klubben er det felles middag og ein aktivitet. Aktivitetane kan vera bingo, dans, måling, juleverkstad og liknande. Turane er tilpassa brukargruppa. Friskusane har eigen HavGlede-dag.



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

**Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset**



*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no


**Vatne
Begravelsesbyrå**

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Ring døgnvakt:
56 35 09 10**
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	



dajen dar folk møtes

Fønnesdajen 2021 – som skulle vært den 25. i rekka må dessverre utgå på grunn av corona situasjonen.

Det vil bli gudsteneste søndag 15. august klokken 16.00 i Årvikane.

Helsing Fønnesdajen sin arbeidsgruppe.

Bli med på årets Sommerles!

Sommerles er ein digital lesekampanje for 1.-7. klasse, som varer frå 1. juni til 31. august. På sommerles.no kan du registrera bøkene du les, samla poeng, få kule premiar og lesetips, lesa den eksklusive Sommerles-forteljinga og løysa oppgåver!

Sjekk ut altom.sommerles.no for meir info.



MALERI UTLODNING



Neptun Seniorklubb har kjøpt eit maleri av Austrheimkunstnaren Arne Kästel. Neptun Seniorklubb har gitt maleriet vidare til Stiftinga Giving Hope to a Child for utlodning !



GHTAC sel 300 lodd à kr 50,-. I tillegg er det 2 gevinstar gitt av Kilstraumen Brygge og Mastrevik Bok- og Papir. Det vert sal av lodd via facebook, VIPPS og på Mastrevik Torg.

Ta kontakt med Ole Moen, tlf 97588766 eller Kjell-Tore Karlsen, tlf 90092736, om du vil kjøpe lodd, bruk gjerne VIPPS !

Trekning vert 23.juni. **Neptun Seniorklubb og Giving Hope to a Child**

Maleriet har bautaen på Vardetangen som motiv, er 100x70 cm og er innrama. Maleriet har ein verdi av kr 6.000.



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM

